

Bacheloroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosialt arbeid

Marlen Aurvåglid Ramstad

Klimaforandringar sin relevans for sosialt arbeid

Ein litteraturstudie om samanhengen mellom nyliberalisme, klimaforandringar og sosial ulikskap

Bacheloroppgåve i Bachelor i sosialt arbeid

Veileder: Nina Schiøll Skjefstad

Mai 2020

Marlen Aurvåglid Ramstad

Klimaforandringar sin relevans for sosialt arbeid

Ein litteraturstudie om samanhengen mellom nyliberalisme, klimaforandringar og sosial ulikskap

Bacheloroppgåve i Bachelor i sosialt arbeid
Veileder: Nina Schiøll Skjefstad
Mai 2020

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosialt arbeid

Samandrag

Vi står overfor vår tids største utfordring knytt til klimaforandringer og samfunnsutfordringane det fordrar. Etter tre år på NTNU og Institutt for sosialt arbeid, har klimautfordringane nesten ikkje blitt nemnt. Dette verkar rart ettersom sosialt arbeid er ein menneskerettsprofesjon, og det globale samfunnet står overfor ei utfordring som truar levegrunnlaget til heile menneskeheita. Eg ønska å finne ut om det fanst noko forsking og praksisar innanfor sosialt arbeid knytt opp mot til desse utfordringane, samtidig som eg ville sjå djupare på prosessane som ligg bak den situasjonen vi no er i. For å sjå på desse spørsmåla, har eg formulert følgande problemstilling: *Korleis heng nyliberalisme, klimaforandringer og sosial ulikskap saman? - Og korleis kan sosialarbeidarar betre imøtekome dei sosiale behova klimaforandringer skaper ved å ta inn prinsipp frå grønt sosialt arbeid?*

Denne oppgåva er ein litteraturstudie som undersøker samanhengen mellom nyliberalisme, klimaforandringer og sosial ulikskap. Nyliberalismen har gjort at solidaritet og fellesskap er erstatta med konkurranse og individualisme. Dette fører til auka sosial ulikskap på bakgrunn av individualisering av sosiale problem og ein svakare velferdsstat. Nyliberalismens tankesett og økonomiske system fremmar ein marknadsideologi med konkurranse og vekst i framsetet, som trumfar omsyn til naturressursar, lokalsamfunn, rettferdig fordeling av jordas ressursar og berekraft. Dei påfølgande klimaendringane rammar typisk hardast allereie sårbare område og gruppe, i tillegg til at den forsterkar eksisterande sosiale forskjellar. Oppgåva ser på korleis sosialt arbeid kan styrke sin praksis ved å ta inn prinsipp frå grønt sosialt arbeid. Prinsippa som er tatt med handlar om klimarettferd, utvikling av meir berekraftige og holistiske praksisar, koplinga mellom det globale og det lokale samt styrking av lokalsamfunn. Som det kjem fram av oppgåva, er det tydeleg at sosialt arbeid må styrke i stemme i kampen mot klimaforandringer, samt utvide innhaldet i rettferd til også å gjelde det fysiske miljøet.

Abstract

We are facing our time's biggest challenge due to climate change and the further challenges that poses to the society. After three years at NTNU and Department of Social Work, climate change has been barely mentioned. That seems odd as social work is a human rights profession and/as the global community is facing a challenge who is threatening the livelihood of its people. I wanted to know if there was any social work research and practise associated with these challenges, at the same time as I wanted to look more into the mechanisms linked to this situation. To answer these questions, I've articulated this research question: *How is neoliberalism, climate change and social inequality linked? And how can social work improve their way of tackling the social needs climate change is creating by implementing green social work principles?*

This paper is a literature study who's studying the link between neoliberalism, climate change and social inequality. Neoliberalism has replaced solidarity and community with competition and individualism which increases social inequality by individualising social problems and reducing the welfare state. The neoliberal mindset and economic system promotes a market ideology with competition and growth as its core values, which outdo the care for natural resources, communities, equal distribution of the earth's resources and sustainable living. The proceeding climate changes strikes already vulnerable areas and groups, in addition to intensify social inequalities. The paper explores how social work can enhance its practice by taking in principles from green social work. These principles include environmental justice, development of sustainable and holistic practices, local and global interdependencies and building capacity in local communities. It's clear that social work needs to raise up against climate change and to include the physical environment in justice.

Innhald

Innleiing	4
Relevans for sosialt arbeid.....	5
Problemstilling.....	6
Definisjonar.....	6
Klima og klimaforandring.....	6
Nyliberalisme	7
Grønt sosialt arbeid	7
Avgrensing	7
Gangen i oppgåva	7
Metode	9
Litteratursøk som metode	9
Søkeprosedyren.....	9
Pålitlegheit og kjeldekritikk	10
Teori.....	12
Nyliberalisme	12
Bakgrunn.....	12
Verdisyn og menneskesyn	12
Samfunnet	13
Sosial ulikskap	13
Grønt sosialt arbeid	14
Ein holistisk, progressiv og politisk praksis	15
Diskusjon.....	16
Nyliberlismens vekstkrav med marknaden som den heilage gral	16
Nyliberlismens inntog i stat og sinn.....	18
Sosiale implikasjonar av klimaforandringar.....	19
Klimaforandringar forsterkar eksisterande sosial ulikskap	19
Klimaforandringar i møte med underliggende faktorar	20
Grønt sosialt arbeid inn i sosialt arbeids praksis	22
Klimarettferd	22
Utvikle holistiske, berekraftige praksistar.....	24
Det lokale og det globale	25
Kapasitetsbygging i lokalsamfunna.....	26
Avslutning	28
Referansar.....	29

Klimaforandringar sin relevans for sosialt arbeid

- *Ein litteraturstudie om samanhengen mellom nyliberalisme, klimaforandringar og sosial ulikskap*

Innleiing

Sidan 1970-talet har nyliberalismen stadig vunne terreng i samfunnet, både nasjonalt og internasjonalt. Denne nyliberale æraen har ført til store endringar i alt frå korleis samfunnet er organisert til korleis vi tenker om oss sjølve og om kvarandre. Det økonomiske systemet fører med seg ein politikk som legg til rette for marknadstenking på dei fleste samfunnsområde (Stalsberg, 2019). Tanken er at om dei rike får halde på pengane sine, og bruke overskotet sitt til reinvestering, vil det gi meir kollektiv velstand til alle (Stalsberg, 2019). Historia har dog vist det motsette. Kapitalisme har heller ført til større forskjellar der ein relativt liten minoritet har fått auka sin materielle velstand (Ranta-Turkkö, 2018). Dei siste tiåras omorganiseringar har ført til at kapitalismen har fått fullstendig overtak på økonomien og økologien, som er grunnen til at fleire kallar tida vi no er inne i for antropocen, menneskets tidsalder (Ranta-Turkkö, 2018; Hirvilammi & Helne, 2014). Desse omorganiseringane har også ført til svakare statar som tek mindre ansvar for sine borgarar. |Menneskets overlegenhet har ført til masseutrydding av artar, ei overskridning av planetens bæreevne og har endra økosystemet i ei så stor grad at det kjem til å gjennomgå hurtige og uforutsigbare endringar i nær framtid (Noble, 2016).

Samtlege artiklar eg har lest om klima og klimaforandringar fastslår at det er vår tids største utfordring. Temperaturen på jorda aukar, isen smeltar, havet stig og blir surare og det blir meir variert nedbør og ekstremvær (FN, 2019). FNs berekraftsmål er ein global arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Ein plan også NTNU har slutta seg til (NTNU, 2017). Gjennomsnitttemperaturen på jorda har auka med ei grad sidan før-industriell tid og FN seier det er viktig å avgrense oppvarminga til 1,5 grad for å unngå katastrofale konsekvensar i framtida (FN, 2020). Dagens klimasituasjon er

eit biprodukt av vestlege industrialseringsmodellar som har utnytta naturressursar for å produsere gode og oppnå profitt, medan dei slepp ut drivhusgassar på den billigaste måten, i atmosfæra og havet (Dominelli, 2012). Desse klimaendringane fører til sosiale utfordringar som migrasjon, fattigdom, tap av eigedom, liv og helseutfordringar (Mushunje & Sewpaul, 2018). Klimaforandringar er også med på å skape sivil ulydighet, matusikkerheit og konfliktar mellom land. Klimaforandringane slår ikkje likt ut mellom alle land, og det er heller ikkje samsvar mellom kven som forureinar mest, og kven som må betale den høgaste prisen. Vestens industrialiseringsprosessar har gått på kostnad av folk som lever i mindre industrialiserte samfunn (Dominelli, 2012), og har ei særleg uforholdsmessig og negativ effekt på marginaliserte og sårbare grupper (Sharma & Shahjahan, 2018; Dominelli, 2012).

Relevans for sosialt arbeid

Sosialt arbeid er ein menneskerettsprofesjon, og er tufta på verdiar som solidaritet, rettferd og likskap. FOs yrkesetiske grunnlag slår fast at sosialarbeidarar har som sitt samfunnsoppdrag å sikre menneskeverdige levekår og livskvalitet (FO, u.å.). Professor i sosialt arbeid Lena Dominelli er ei av dei som har teke til orde for at det er på tide at sosialt arbeid tek innover seg betydninga av klimaforandringane, og at dette er ei oppgåve for sosialt arbeid (Dominelli, 2014). Spolander, et al. (2014) framhevar viktigheta av å utvikle internasjonale perspektiv for å få ei felles forståing av den internasjonale nyliberale økonomiske doktrinen og for å styrke sosialt arbeids vurdering av globaliseringas innverknad på sårbare menneske og på profesjonen i seg sjølv. Klimaforandringar illustrerer ei gjensidig global avhengigheit der det eit land gjer kan ha stor og skadeleg innverknad på andre land og deira miljø. Jönsson og Kojan (2017) seier det er på høg tid at sosialt arbeid frir seg frå ein «omsorgsnasjonalisme» og startar å adressere den globale konteksta til sosialt arbeid. I 2012 gjekk International Federation of Social Workers (ISFW), International Association of Social Work (IASSW) og International Council on Social Welfare (ICSW) saman og laga «The Global Agenda for Social Work and Social Development: Commitment to Action». Global Agenda (2012) skal fungere som eit retningsgivande dokument for å styrke den globale handlekrafta til sosialt arbeid, og hjelpe å sameine sosialarbeidarar om våre store samfunnsutfordringar. I dette dokumentet står det blant anna at sosialt arbeid vil jobbe for å fremme sosial og økonomisk likskap og jobbe for berekraftig utvikling. Lena Dominelli (2014) seier at å forstå mekanismane som opprettheld det nyliberale økonomiske systemet er avgjerande for å

fremme Global Agenda sitt mål om å utrydde fattigdom, fremme sosial rettferd og beskytte det fysiske miljøet for notidas og framtidas generasjonar. Ei retning som no veks fram innanfor sosialt arbeid er grønt sosialt arbeid, som ønsker eit sterkare økologisk, sosialt og politisk perspektiv inn i praksisen til sosialt arbeid (Noble, 2016).

Problemstilling

I denne oppgåva vil eg undersøke kva det er som påverkar samfunnets handtering av klimakrisa og kva rolle vi som sosialarbeidarar har oppe i det heile. Som sosialarbeidarar skal vi kunne adressere strukturelle faktorar som påverkar levekåra til enkeltindivid og jobbe for å endre desse. Klimaforandringar og dets altomfattande konsekvensar for alle som bur på jorda framstår i mine auge som eit av dei viktigaste felta for notidas og framtidas sosialt arbeid. Grønt sosialt arbeid verkar som ein fruktbar stad å starte for å lære meir om korleis man som sosialarbeidar kan ta tak i desse utfordringane. I den samanheng har eg formulert følgande problemstilling:

Korleis heng nyliberalisme, klimaforandringar og sosial ulikskap saman?

- *Og korleis kan sosialarbeidarar betre imøtekome dei sosiale behova klimaforandringar skaper ved å ta inn prinsipp frå grønt sosialt arbeid?*

Definisjonar

Klima og klimaforandring

Klima er ikkje det same som vær. Været er det du ser dag til dag, veke til veke. Klima er gjennomsnittet været målt over lang tid. Endringar som er vist av målingar over lang tid er blant anna på temperatur, ismengd, nedbør og pH-verdi i havet (FN, 2019).

Klimaforandringar viser til korleis jordas klima endrar seg på grunn av menneskeleg aktivitet knytt til urbanisering og industrialisering som resulterer i drivhusgassutslepp. Utsleppa kjem hovudsakleg av brenning av fossilt brensel, avskoging, landbruk og industrialisering (Dominelli, 2012).

Nyliberalisme

Nyliberalisme er ein teori om politisk og økonomisk praksis. Den meiner at menneskeleg velvære best kan bli oppnådd ved frigjere individuelle entreprenørielle fridomar og ferdigheiter innanfor ei institusjonell ramme karakterisert av sterke private eigedomsrrettar, frie marknadar og fri handel. Statens rolle går ut på å skape og bevare eit institusjonelt rammeverk for å fremme dette (Harvey i Kamali & Jönsson, 2018).

Grønt sosialt arbeid

Lena Dominelli definerer grønt sosialt arbeid slik:

...that part of practice that intervenes to protect the environment and enhance people's well-being by integrating the interdependencies between people and their socio-cultural, economic and physical environments, and among peoples within an egalitarian framework that addresses prevailing structural inequalities and unequal distribution of power and resources (Dominelli, 2012, s. 8).

Avgrensing

Oppgåva vil undersøke korleis nyliberalisme, sosial ulikskap og klimaforandringar heng saman. Der eg vil trekke inn prinsipp frå grønt sosialt arbeid for å sjå korleis sosialt arbeid betre kan imøtekome behova desse utfordringane skaper. Oppgåva vil ha fokus på makronivå, og ikkje gå i detalj på kva klimaforandringar har å seie på individ- og gruppenivå. I teoridelen av grønt sosialt arbeid vil berre eit utdrag av feltet bli presentert, som eg reknar for sentralt for å svare problemstillinga. For å forklare korleis grønt sosialt arbeid kan dempe den sosiale ulikskapen, vil eg vise til hovudlinjene frå denne tankegangen, då oppgåva ikkje er stor nok til at eg kan gå i djupna på dei ulike konkrete metodane.

Gangen i oppgåva

Etter presentasjon av metode for oppgåva vil det kome eit teorikapittel. Denne delen vil gi ei innføring i nyliberalisme, sosial ulikskap og grønt sosialt arbeid. Dette vil danne grunnlaget for drøftingsdelen der eg vil drøfte problemstillinga med bakgrunn i teorien eg har presentert saman med aktuelle vitskaplege artiklar og bøker. Drøftingsdelen vil sjå på korleis

marknadslogikken trumfar jordas naturressursar, korleis klimaforandringar forsterkar eksisterande sosiale ulikskapar og til slutt vil eg trekke fram perspektiv frå grønt sosialt arbeid, som viser korleis vi sosalarbeidarar kan tenke i møte med desse utfordringane. Til slutt blir det ei avslutning med nokon oppsummerande ord.

Metode

Litteratursøk som metode

Denne oppgåva er eit litteraturstudie hovudsakleg basert på vitskaplege artiklar funne på oria.no Retningslinjene frå NTNU tilseier at det kun er litteraturstudie som er aktuelt å gjennomføre. På grunn av oppgåvas omfang og innhald blir det ein oversiktsartikkel og ikkje ein systematisk oversiktsartikkel, ettersom eg med oppgåva søker å skaffe oversikt over kunnskapen innanfor dette feltet, utan at eg har tid eller moglegheit til å systematisk gå gjennom all forsking innanfor det valte emnet (Støren, 2013). Utgangspunktet mitt for oppgåva er basert på tips frå ein lærar ved Institutt for sosialt arbeid. Ho introduserte feltet grønt sosialt arbeid for meg, og nestoren innanfor same feltet, Lena Dominelli. Eg har basert teorien min på Dominellis bok *Green social work* og også inkludert ein av hennar artiklar. Hennar sentralitet har eg fått bekrefta etter å ha sett ho bli referert i fleire artiklar som tek føre seg grønt sosialt arbeid.

Søkeprosedyren

Søka mine er hovudsakleg gjort på oria.no. Oria inneheld samla materiale knytt til dei fleste norske fag- og forskingsbibliotek. Om eg fekk svake søk, var eg innom google scholar, Google si søketeneste for akademisk litteratur, for å sjekke om det fantes meir der. Oftast var treffa på oria.no tilstrekkelege. For å finne ut om artiklane var nyttige for mitt vedkomande, starta eg først med å lese samandraget, om det verka interessant haldt eg fram med å lese artikkelen før eg gjorde ei ny vurdering. Eg ville finne litteratur innan emna nyliberalisme, sosial ulikskap og klima og grønt sosialt arbeid. Det har vore nødvendig å söke på engelsk, då sökeorda «*klima** AND ‘*sosialt arbeid*’» ikkje gav nokon treff, medan «*climate** and «*social work*» gav 3055 treff. «‘*Climate change*’ AND ‘*social work*’» med avgrensingane *fagfellevurdert tidsskrift* frå 2005-2020 gav meg 543 treff og ein god plass å starte. Søket «*green social work*» med avgrensinga *fagfellevurderte tidsskrift* gav meg 92 treff. Om eg avgrensa årstalet frå 1955-2020 til 2010-2020 fekk eg 90 treff, som viser kor nytt feltet er. Eg styrte unna artiklar som var knytt konkret opp i mot eit land og ein situasjon, sidan eg ser etter større samanhengar. Eg ser no i ettertid at slike artiklar kan vere nyttige uansett, då dei kan fungere som døme på korleis takle ulike situasjonar knytt til klimaforandringer. Eg har likevel med fleire artiklar som viser til konkrete situasjonar, som til dømes om kvinnelege bønder i Nairobi. For å finne artiklar meir knytt opp mot nyliberalisme og sosial ulikskap

søkte eg på «neoliberalism AND «social work» AND inequality». Der fekk eg 1999 treff. Ved å huke av for fagvellevurderte tidsskrift, tidsperiode frå 2010-2020 og nyliberalisme som einaste fagretning, kom eg ned i 395 treff. Eg gjorde også søk med «neoliberalism AND «social inequality» med fleire avgrensingar knytt til årstal og fagretningar. Grunnen til at eg tok bort sosialt arbeid var at det ikkje var essensielt, då eg først og fremst ville ha litteratur på korleis nyliberalisme fører til større forskjellar mellom folk. Søket «klima* AND nyliberalisme» førte til 24 treff, der eg tok tre av treffa med meg vidare.

Pålitelegheit og kjeldekritikk

Under dette søket fann eg Linn Stalsbergs (2019) bok *Det er nok nå: Hvordan nyliberalismen ødelegger mennesker og natur* som ein av grunnane til at eg inkluderer nyliberalisme i problemstillinga. Denne boka har gått igjen i mange av mine søk. Boka er ikkje ei fagbok skriven av ein professor innanfor samfunnsfaget. Linn Stalsberg er journalist i Klassekampen og eg var redd informasjonen i boka hennar var utprega farga av ei venstrevridde forståingsramme. Fordelane ved denne boka var likevel slåande. Ho skriv engasjerande og forståeleg, der alle argument er godt grunna i kjelder. Stalsberg har tileigna seg ei imponerande oversikt og forståing av nyliberalismens framvekst og innverknader, som gjer at eg ikkje tvilar på bokas pålitelegheit.

Ved å alltid huke av for *fagvellevurderte tidsskrift* har eg vore sikker på at det har vore pålitelege kjelde. Det er ikkje alle artiklane der heile teksta er relevant, der nokon kan ha ein god introduksjon på nyliberalisme og andre kan argumentere godt for kvifor grønt sosialt arbeid er viktig. Saman håper eg at litteraturen eg har valt klarer å belyse problemstillinga mi på ein tilfredsstillande måte.

Eg hadde ein del meningar på førehand før eg gjekk i gong med denne oppgåva, som tydeleg kan lesast i problemstillinga. Eg meiner nyliberalismen har skuld i klimasituasjonen vi no er i. Dette har også styrt mine litteratursøk. Oppgåva hadde sett ganske annleis ut om eg søkt på klimaforandringar som naturlege forandringar i været, eller om eg ville finne ut korleis nyliberalismen har ført til økonomisk vekst. Utdanning i sosialt arbeid gir deg eit humanistisk tilnærming til ulike delar av samfunnet, som absolutt er tilfelle i denne oppgåva.

Det kan ha ført til eisvakheit i denne oppgåva ved at den har eit litt einsidig fokus på dei negative verknadane av nyliberalismen. Likevel er ikkje spørsmålet *om* nyliberalismen påverkar klimaforandringane, men *korleis* – som vil gi rom for variasjonar i drøftinga.

Teori

Nyliberalisme

Bakgrunn

Ifølge Linn Stalsberg (2019) er nyliberalisme kapitalisme, men den er *vår tids* kapitalisme – og for å forstå kapitalisme er det et nok å forstå eitt ord, og det er vekst. Nyliberalismen vaks fram som ein reaksjon mot etterkrigsåras sterke sosialdemokrati og på den økonomiske krisa på midten av 1970-talet (Kamali & Jönsson, 2016). Sosialdemokratiet fekk kritikk på bakgrunn av lav sysselsetting og inflasjon. Kritikarane såg den lave sysselsettinga og den lave økonomiske veksten som konsekvensar av marknadsbarrierer skapt av staten. Dette viste seg i form av sterk jobbeskyttelse, høg minimumsløn og høg arbeidsløyseforsikring (Kamali & Jönsson, 2016). Kritikken enda med eit paradigmeskiftet frå den keynianisme til monetarisme, der sosiale utgifter ikkje lenger skulle vere med å sikre økonomisk vekst. Velferdspolitikk blei framstilt som ei utgift heller enn ein stimulator for økonomisk vekst og sosial stabilitet (Kamali & Jönsson, 2016).

Verdisyn og menneskesyn

Nyliberalismen har sine verdiar frå den eldre liberalismen og opplysningstida. Menneskets rettar knytt til individets ukrenkelege rettar og dei naturlege rettane – retten til liv, fridom og eigedom står sentralt (Larsson, 2005). Ein sentral skikkelse innanfor nyliberalismen er amerikanaren Robert Nozick, som hevdar at statsmaktens eksistens berre kan motiverast med at den er til for å oppretthalde individas rettar» (sitert i Larsson, 2005, s. 126). Kvart politiske vedtak blir i seg sjølv sett på som ei innskrenking i individas autonomi, og Nozick meiner at den minimale staten vil vere den beste løysinga for individua. Samtidig argumenterte Lippmann for ein sterk stat som skulle aktivt legge til rette for marknadens krav og moglegheiter (sitert i Stalsberg, 2019). Det grunnleggande i menneskesynet er at menneska er ulike, og dei bør haldast ulike. Her ligg marknadsmodellens overlegenheit i at det er her menneska får spele ut sin ulikskap.

Eit anna hovudelement i nyliberalismens verdisyn stammar frå den klassiske økonomiske liberalismen og særleg økonomen Adam Smith (Larsson, 2005). Ifølge Smith er fridom at menneska får forme livet sitt utan at staten blandar seg unødig inn. Marknaden eller

kapitalismen blir dermed einsbetydande med fridom. Denne sterke koplinga mellom fridom og marknad, meiner Stalsberg (2019) er noko av årsaka til at vi toler alt det negative som kjem av marknaden. Smith meinte at dersom private aktørar aukar overskotet sitt, vil det føre til meir kollektiv velstand for alle, den såkalla «trickle-down»-teorien (Stalsberg, 2019). Difor må produksjonoverskot reinvesterast i auka produksjon.

Samfunnet

Hovudmotsetnaden står mellom individet og staten. Individets fridom står over alt, og den moderne velferdsstaten med sine avgrensingar og byråkrati burde nedkjempast på alle område. «Nyliberalismens mål er deregulering, privatisering av offentlig virksomhet, samt innføring av markedslikt metoder i gjenværende offentlig sektor» (Larsson, 2005, s. 132). Nyliberalismen er skeptisk til den demokratiske styringsmodellen og hevdar marknaden er betre eigna for å imøtekome individas ønsker. Dette gjer at nyliberalismen vil overføre offentlege bevilgningar frå offentlege tenesteprodusentar og over til forbrukarane (Larsson, 2005). Nyliberalistanes mål kunne berre bli oppnådd gjennom ei stevvis, systematisk opplysning, som ville ende opp med at samfunnet gradvis får redusert behovet sitt for statlege tiltak (Lepage i Larsson, 2005). Dei nyliberale endringane har fire konsekvensar ifølgje Bauman (sitert i Kamali & Jönsson, 2018): Tap av statlege institusjonar, moralsk blindheit knytt til konkurransemarknaden, fridomen til kapitalismen og framveksten av ei ny form for interpersonlege relasjonar basert på marknadsindividualisme.

Sosial ulikskap

Sosial ulikskap handlar om korleis fordelinga av gode og byrder er fordelt i eit samfunn. Denne fordelinga gjer at ulike sosiale kategoriar kjem ulikt ut, som ulike klasse, etnisitet eller kjønn. Eit viktig trekk med denne fordelinga og ulikskapen er at den er samfunnsmessig betinga, og kan ikkje berre forklarast ut i frå tilfeldigheit eller ved personlege trekk ved eit individ eller ei gruppe (Schieffloe, 2011). Desse goda som blir fordelt, er det avgrensa tilgang til. Dei kan vere både materielle, som pengar og jord, eller immaterielle, som status og helse. Forsking på konsekvensar av lagdeling viser at alle side ved menneskes situasjon og åferd blir påverka av plasseringa i dette lagdelingshierarkiet.

Ved skildring av ulikskapen i eit samfunn, brukast omgrepet sosial lagdeling – som er eit «institusjonalisert fordelingssystem som skaper og opprettholder systematisk ulikhet» (Schieffloe, 2011, s. 242). Denne lagdelinga deler inn grupper i eit slags hierarki basert på deira tilgang på knappe goder. Kor mykje av goda og byrdene eit samfunnslag får, er avhengig av kor mykje dei andre legg beslag på. Om dei rikaste karrar til seg mykje, blir det mindre igjen til fordeling blant dei fattige. Ulikskapane fører ofte til interessekonfliktar, som vidare er med å danne grunnlag for politisk organisering. Den tradisjonelle venstre-høgreaksa er eit døme på dette. Venstresida er tradisjonelt for statleg styring og utjamning, medan høgrepartia aksepterer større forskjellar og er meir tilbakehaldne på statleg styring for å jamne ut forskjellar. Veljargrunnlaget for dei to sidene er også ulike, då venstresida har hatt veljarar med lavare inntekt og høgresida veljarar frå meir velståande lag (Schieffloe, 2011). Graden av ulikskap og mekanismane for fordeling har betydning for stemmgiving, politisk situasjon og mengde og type sosiale konfliktar. Man kan også spørje seg om den etiske sida ved lagdelinga, er goda og byrdene rimeleg og rettferdig fordelt.

Grønt sosialt arbeid

Med boka *Green social work* utforskar Lena Dominelli (2012) rolla til sosialarbeidarar knytt til det ho reknar for sentrale utfordringar i vår tid: miljøets forvitring, industriell forureining, overforbruk av dei få, klimaforandringar, migrasjon skapt av naturkatastrofe og konfliktar mellom folk som vil auke med konkurransen etter naturressursar som vatn, land og rein luft. Dominelli kritiserer sosialt arbeid for å treige med å reagere på konsekvensane klima har og har hatt på menneske. Ho ønsker med denne boka å styrke stemma til sosialarbeidarar som jobbar med menneske under klimarelaterte katastrofe, både ved politikkutforming og på praksisnivå. Ifølge Dominelli (2012) skal grønt sosialt arbeid sette lys på korleis svar på klimaforandringar må utfordre fattigdom, strukturell ulikskap, sosioøkonomiske forskjellar, industrialiseringss prosessar, forbruksmønster, forskjellige kontekstar, gjensidig globale avhengigheiter og avgrensa naturressursar.

Ein holistisk, progressiv og politisk praksis

Grønt sosialt arbeid er ei holistisk, progressiv og tydeleg politisk form for profesjonelt sosialt arbeid. Feltet har fokus på sambandet mellom folk og korleis den sosiale organiseringa mellom menneske, planter og dyr er i deira fysiske miljø. Det ser også på samspelet mellom sosioøkonomiske og fysiske miljøkrise og på mellommenneskelege praksisar som øydelegg for levekåra til menneska og jorda. Utfordringane knytt til dette krev ein grunnleggande transformasjon av korleis folk oppfattar det sosiale grunnlaget for samfunnet sitt, forholda til kvarandre, og alle andre levande og ikkje-levande ting på jorda. Måten grønt sosialt arbeid vil fremme dette på er gjennom å utfordre produksjons- og forbruksmønster som utnyttar både folk og jordas ressursar. Det vil jobbe mot strukturelle ulikskapar inkludert ujamn fordeling av makt og ressursar, bekjempe fattigdom og ulike «-ismar», fremme global gjensidig avhengigkeit, solidaritet og egalitære sosiale relasjonar. Vidare vil grønt sosialt arbeid nyttiggjere seg jordas ressursar på ein måte som gagnar alle i staden for eit fåtal, i tillegg til å beskytte jordas dyr- og planteliv. Målet til grønt sosialt arbeid er å jobbe for ei reform av dei sosiopolitiske og økonomiske kreftene som som har øydeleggande konsekvensar for livskvaliteten til fattige og marginaliserte, sikre dei politiske og sosiale endringane som må til for å sikre levekåra til menneska og planeten i dag og i framtida og til slutt betre ansvaret for å ta vare på andre og retten til å ta vare på andre.

Diskusjon

I denne delen av oppgåva skal eg drøfte samanhengen mellom dagens nyliberlistiske hegemoni, klimaforandringane vi opplever og korleis dette skaper og forsterkar sosial ulikskap. Eg vil også vise svakheitene ved sosialt arbeid knytt til dette tema og vidare sjå på korleis sosialt arbeid betre kan takle desse utfordringane ved å trekke inn prinsipp frå grønt sosialt arbeid.

Nyliberlismens vekstkrav med marknaden som den heilage gral

Kapitalismen kan like lite «overtales» til å begrense veksten som et menneske kan «overtales» til å slutte å puste» (Buchin sitert i Wilkinson & Pickett, 2011, s. 250).

Nyliberalisme kan bli forstått som ein marknadsfundamentalisme der marknaden ikkje har noko moral eller lojalitet anna enn lojaliteten til konkurransen (Stalsberg, 2019). Vidare fremmar den vekst innan produksjon, forbruk og privat rikdom som overgår individuell velvære og jordas berekraft (Noble, 2016). Dette har gjort at det har vore auka inntekt per innbyggjar i dei fleste land sidan 1980-talet, men at det også har vore auke i inntektsulikskap innad i land i same periode (IMF sitert i ElGindi, 2017). Til tross for dette seier ElGindi (2017) at sjølv om nyliberalismen er skulda for å auke ulikskap globalt, viser framleis forskinga varierande resultat. Ranta-Türkko (2018) hevdar moderne og postmoderne livsstilar med deira forbruksmønster har nådd ein skala som truar levekåra til alle i form av ei antropokisk global oppvarming. Volumet av den globale handelen av naturressursar auka med over 60 prosent mellom 2000 og 2015. Coates & Besthorn (sitert i Noble, 2016) hevdar at presset for å utnytte jordas ressursar er det same presset som resulterer i sosial urettferd. Søken etter progresjon, vekst og større forbruk av ikkje-fornybare ressursar har ført til at mange tradisjonelle lokalsamfunn blir desintegrert, systematisk utnytta og nedbrote av øydelegginga av landet og levekåra deira som direkte resultat av miljøskader. Ranta-Türkko (2018) seier vidare at verda er inne i ei altomfattande systemisk krise eller transformasjon, der rota til denne krisa og det største hinderet for sosial og økonomisk endring er kapitalismen.

Vidare blir globalisering sett på som det nyliberale prosjektets praksis. Dette gir ein global og transnasjonal økonomi, som blir fråkopla dei sosiale konsekvensane det gir, som typisk er lokale (Stalsberg, 2019). Denne globale dominasjonen av nyliberalismen kan blant anna forklarast på bakgrunn av ei maktelite som har fått kontroll over både den politiske debatten og politikkutforming for å kunne skape eit godt handelsklima. Tenketankar har vore ein sentral del av nyliberalismens prosjekt, med Mont Pelerin Society frå 1947 som den første. Denne tankesmien ville påverke akademikarar, journalistar og andre intellektuelle som igjen kunne påverke beslutningstakrar i samfunnet (Stalsberg, 2019). På denne måten får dei påverka politikken utan å måtte stå til ansvar for den vedtekne politikken. Dei framstår heller som nøytrale ekspertar i media, og man gløymer at dei forfektar ein bestemt politisk ideologi. «Dermed var nyliberalismen, fra starten av, i seg selv et helt nytt og annerledes politisk prosjekt, mer løst og usynlig sammensatt enn partipolitisk organisering» (Stalsberg, 2019, s. 24).

Det kan også vere med på å forklare korleis internasjonale handlesavtalar går i mot forsøk på ein meir klimavennleg politikk. Klein (2015) har merka seg ein interessant parallell prosess knytt til frihandelsavtalar og klimapolitikk. Det verkar som desse har operert samtidig, men heilt uavhengig av kvarandre. På FN-toppmøtet i Rio i 1992 blei dokumentet som la grunnlaget alle seinare klimaforhandlingar underskrive, same året som den nordamerikanske frihandelsavtalen blei signert, etterfulgt av opprettinga av Verdens handlesorganisasjon (WTO), organet for global handel. Eit eksempel Klein trekk fram er ein solscellefabrikk i Ontario, Canada. Fabrikken blei lagt i Ontario i 2010, då stemninga i fornybar energisektoren var høg. Solcellefabrikken gjekk hand i hand med provinsens klimatiltaksplan, som hadde hylla programmet for å vere det beste innan grøn energi på det nordamerikanske kontinentet. Programmet hadde ei rekke bestemmingar som skulle sikre at også mindre aktørar, som lokalsamfunn, landbrukssamverker og urbefolkning kunne kome inn på fornybar energimarknaden. I tillegg skulle det vere ein minimumsprosent av arbeidsstokk og materiale vere frå Ontario, med håp om å stimulere produksjonssektoren lokalt. Det blei oppretta 31000 arbeidsplassar, alt gjekk bra, heilt til Japan og seinare EU hevda at Ontarios vilkår om lokalt innhald var eit brot på reglane til WTO og Canada blei felt. Forsvararane av desse avtalane meiner at skjermingsbestemmingane i Ontario skapar ubalanse i den frie marknaden og dermed burde fjernast. Dette er eit eksempel på korleis den globale frihandelen overgår grøn

politikk. Klein (2015) seier at myndighetene har fanga oss i fleire titals avtalar som gjer at viktige delar av ein kraftig respons på klimaendringane blir ulovlege.

Nyliberalismens inntog i stat og sinn

Nordiske velferdsstatar har vore av dei sterkeste og rausaste velferdsstatane i verda. Deira sosialdemokratiske ideologi er basert på tankar om at det industrielle samfunnet produserer eit overskot nok til å forsørge alle borgarar med grunnleggande goder. Desse godene burde bli fordelt rettferdig og systemet gir moglegheit for alle å delta i det sosiale livet på likt grunnlag (Kamali & Jönsson, 2016). Dei siste åra har velferdsstatane sett ein tilbakegong der dei har blitt meir orientert mot marknaden og auka konkurransen. Nyliberale reformer har ført til eit auka gap mellom dei som har og dei som ikkje har. Sidan 1980-talet har ulikskap i marknadsinntektene vakse dobbelt så mykje som omfordelinga (Immervoll & Richardson, sitert i Kamali & Jönsson, 2016). Den svekka omfordelinga er også det som er rekna for hovudgrunnen til den auka ulikskapen vi har sett sidan 1990-talet der fordelane har hatt større innverknad enn dei sosiale tilskota. Den relative fattigdommen har auka i mange land, medan dei familiene med størst inntekt har blitt rikare (Kamali & Jönsson, 2016). Reformane har ført til marginalisering av tenestemottakarane gjennom restriksjonar, mindre fokus på førebygging og New Public Managements (NPM) bedriftsstyring av velferdstenestene (Spolander, et al., 2014). NPM tek styringsmodellar frå den private sektoren inn i offentleg sektor og har svekka statens rolle som buffer mot fattigdom (Spolander, et al., 2014). NPM vil auke produktiviteten, redusere kostnadene og auke profitten gjennom auka kontroll. Dette effektivitets- og tilreknelegheitsbehovet, går igjen utover verdiar som likskap, rettferd og deltaking. Spolander et. al (2014) seier vidare at nyliberalismen har skapt ei kulturell forandring som har resultert i kommodifisering av samfunnsområde som tidlegare var sett på som umoglege i den private marknaden, som sosial velferd, forureining og vatn.

Det har vore ei forskyving av tidlegare statleg ansvar over på individet. «Neoliberal ideology has succeeded in depoliticizing the consequences of neoliberal globalisation, making its problems appear to be the result of individual choices and practices» (Kamali & Jönsson, 2016, s. 2). Kamali & Jönsson (2016) seier vidare at nyliberalismen prøver å slette det sosiale spørsmålet frå den offentlege debatten og flytte merksemda vekk frå det sosiale og solidarisk

tankegong og over på dei mest nødvendige funksjonane. Bourdieu (referert i Stalsberg, 2019) var oppteken av korleis nyliberalismen braut opp sosiale strukturar, og hevdar kjerna i denne ideologien er dominansen av individualismen og nedbrytinga av kollektivisme (Kamali & Jönsson, 2016). Jönsson & Kojan (2016) har samanlikna den norske og svenske velferdsstaten etter flyktningkrisa i 2015, og seier begge desse velferdsstatane er under sterkt press som følge av nyliberalistiske endringar som har ført til ei «velferdsnasjonalisme». Presset på velferdsgodene fører til at det blir konfliktar mellom allereie marginaliserte grupper der kritikken ikkje går på dei strukturane som har ført til dette presset, men heller på kvarandre. Dette har ført til ein praksis som går mot ein individualisert, isolert, depolitisert og formalisert oppgåvefokus med liten fokuse på strukturelle faktorar for ulikskap og marginalisering av gruppe (Jönsson & Kojan, 2017).

Sosiale implikasjonar av klimaforandringar

Klimaforandringar forsterkar eksisterande sosial ulikskap

Klimaurettferd (eng. *environmental injustice*) fører til at klimaforandringar produserer sosioøkonomiske og kulturelle ulikskapar, samtidig som den forverrar ulikskapar som allereie finnast i sosioøkonomiske, politiske og kulturelle strukturar (Dominelli, 2014). Alston (2015) seier det er tre kritiske faktorar å sjå på når man skal vurdere den sosiale implikasjonen av klimaforandringar. Den første er å skilje implikasjonane av klimaforandringar og eksisterande sosiale ulikskapar. Dette er for å unngå at man aksepterer ein direkte årsakssamanheng mellom klimakatastrofe og negative sosiale verknadar. Det er ofte heller slik at eksisterande forhold som fattigdom, sosial ulikskap og matusikkerheit blir forverra enn skapt av klimaforandringar. Det fører til at det er dei mest sårbare som blir hardast ramma av endringane i klimaet og samtidig har minst ressursar til å takle endringane. Denne ujamne fordelinga av klimabyrda opptrer både innanfor land og mellom land, som gjer at dei som slepp ut mest drivhusgassar ofte er dei som må betale minst (Alston, 2015). Afrika har blitt nemnt ein av dei mest sårbare regionane knytt til klimaforandringsar på grunn av multiple belastningar og lav tilpassingsevne. Dette gjer at klimaforandringane set heile regionar ut av spel ved at stadig meir desperate grupper kjempar om minkande tilgang til mat og vatn (Aid sitert i Mushunje & Sewpaul, 2018). Innad i dei ulike landa lever dei mest sårbare i marginale område og er ofte knytt til landbruk og fiske. Dette er industriar som har blitt hardt råka av

klimaforandringar som tyfonar, uforutsigbart vær, høgare havnivå og forstyrra produksjonssyklusar (Alston, 2015).

Kjønnsforskjellar rører ved kvinners sårbarheit til klimaforandringar. FNs utviklingsprogram slår fast at kvinners historiske ulemper - som avgrensa tilgang til ressursar, avgrensa rettar og manglande stemme i avgjerdsstaking gjer dei ekstra sårbare for klimaforandringar (sitert i Mushunje & Sewpaul, 2018). Kvinner blir disproportjonelt påverka av klimaforandringar då dei må auke det manuelle arbeidet og finne alternative matforsyningar, samtidig som dei skal oppretthalde sine kjønnsrolle knytt til barneoppseding og husarbeid. Kvinner på landsbygda i utviklingsland er ein av dei mest sårbare gruppene. Least Developed Countries Expert Group (sitert i Mushunje & Sewpaul, 2018) observerte til dømes at kvinner ved auka tørke måtte gå lengre for å få tilgang til vatn. Dette betyr at dei må bruke lengre tid på arbeidet sitt, samtidig som dei må oppretthalde alle andre oppgåver. Kjønnsforskjellar og mangelen på kjønnsfokus i landbruksutvikling bidreg til lavare produktivitet, tap av inntekt og høgare nivå av fattigdom og påfølgande underernæring (Mushunje & Sewpaul, 2018). Eit anna eksempel er Dominellis (2014) forsking på kvinner i det sørvestlege Sri Lanka etter tsunamien i 2004. Økonomien var stort sett basert på fiske og turisme. Forholdet mellom menn og kvinner var patriarkalsk, der mannen var økonomisk forsørgjar og kvenna hadde ansvaret for heimen. Kvinner hadde ikkje tilgang til fiskebåtane ettersom dei trudde at det ville forureine båten. I tillegg var kvinnenes tilgang til nødhjelp avhengig av det manlege hierarkiet. Tsunamien forverra denne skilnaden mellom kjønna, samtidig som menn mista levebrødet sitt. Dette gjekk utover deira maskuline identitet og mange blei rusavhengige, i tillegg til at det vart eit auke av vald i heimen.

Klimaforandringar i møte med underliggende faktorar

Den andre kritiske faktoren når man ser på klimaforandringar og sosial ulikskap er ifølge Altson (2015) verknadane av underliggende faktorar. Befolningsveksta globalt er spådd å krevje 50 prosent meir mat, 45 prosent meir energi og 30 prosent meir vatn innan 2030. I tillegg ser vi ei veksande global middekklass med krav om meir protein og dermed større behov for landbruk og naturressursar (Alston, 2015). Det ser ut til å vere ein sterk samanheng mellom auka matusikkerheit og populasjonsvekst, som ved auke på 20 millionar underernærte i perioden mellom 2000-2008. Denne samanhengen ser vidare ut til å bli styrka

av globalisering. Utviklinga av transnasjonale marknadar har ført til ei kommersialisering av matproduksjon og ei storkonsernsutvikling av tidlegare landbruksområde for sjølvberging (Alston, 2015). Denne overgangen kombinert med endringar i klimaet har ført til matmangel eller sesongbasert svolt i lokalsamfunn der mat tidlegare var tilgjengeleg. Globalisering endrer korleis folk lever og jobbar, der tidlegare sjølvbergingssamfunn no vil emigrere for å kunne ta løna arbeid (Alston, 2015). Dette forsterkar sosiale ulikskapar, forverrar marginalisering og aukar flyten av flyktningar.

Ein annan underliggende faktor er knytt til økonomisk usikkerheit og globale finanskriser som destabiliserer marknadar, statar og regionar. Fattigdom er ein konstant, pågåande katastrofe i seg sjølv, i tillegg til å vere ein tilleggsfaktor når det kjem til individuell sårbarheit i høve klimaforandringar (Dominelli, 2012). Fattigdom er sentralt for sosialt arbeid då det nesten alltid er ein faktor hos dei man jobbar med. Desse har små moglegheiter for å tilpasse seg klimaforandringar, flytte seg eller utvikle nye måtar å tene til livets opphold. Ei utfordring er å bekjempe fattigdom samtidig som man tek omsyn til og beskyttar miljøet innanfor ei ramme av sosial og miljømessig rettferd, menneskerettar, aktiv borgarskap og ein kritikk av nyliberale kapitalistmodellar av produksjon, distribusjon og forbruk (Dominelli, 2012).

Klimapolitikkens sidesetting av sosiale verknadar

Den tredje faktoren Alston (2015) trekk fram av sosiale verknader av klimaforandringar handlar om tilnærminga klimapolitikken har tatt. Klimapolitikkens hovudfokus har vore på vitskap, teknologi og økonomi, og ikkje på det sosiale. Klimapolitikken fokuserer å tilpassingar til framtidige klimaeffektar, fremme løysingar gjennom teknologi, økonomi og leiing med tru på at vitskapen vil redusere usikkerheit (Tschakert et al. sitert i Atson, 2015). Atson hevdar at fokuset på vitskaplege og teknologiske løysingar gjer at vi ser bort frå den veksande globale ulikskapen og menneskerettsbrota. I tillegg er klimaforhandlingar, som tidlegare nemnt, underordna internasjonale handelsavtalar. Som statsvitaren Robyn Eckersley (sitert i Klein, 2015, s. 73) seier:

Snarere enn å søke å redefinere de internasjonale handelsreglene slik at de ble mer overensstemmende med kravene til beskyttelse av klimaet ... har partene i klimaregimet sørget for at liberalisert handel og ekspanderende global økonomi er blitt skjermet mot handelsrestriktiv klimapolitikk.

Grønt sosialt arbeid inn i sosialt arbeids praksis

Grønt sosialt arbeid blir sett på som eit motsvar til dagens politikk som er prega av fornektele og mangel på handling. Dei miljømessige og politiske realitetane i dag gjer det tydeleg at sosialarbeidarar må adressere dei sosiale verknadane i våre eigne land og verknadane for sårbare lokalsamfunn rundt om i verda (Alston, 2016). Grønt sosialt arbeid ønsker å overgå avgrensingane til nyliberalistisk kapitalisme gir gjennom eit egalitært rammeverk basert på sosial rettferd og klimarettferd.

Supposing that the speciality of social work is its nuanced understanding and knowhow about marginalisation and vulnerability combined with an ability to organise and manage care and support in different contexts and with a wide array of people or service users, social work could contribute to this transition by working on the social aspects and embeddedness of the changes required (Ranta-Turkkö, 2018, s. 217).

Klimarettferd

«Environmental justice» er eit viktig prinsipp å ta med seg frå grønt sosialt arbeid som eg vel å omsette til «klimarettferd». Dominelli (2014, s. 339) har ein negativ definisjon av omgrepet, der ho skildrar det som «eit samfunns svikt i å sikre ei rettferdig fordeling av jordas ressursar for å møte menneskelege behov, samtidig som man sørger for velferda til menneska og jorda for notida og i framtida». Klimarettferd burde vere eit essensielt utgangspunkt for sosialt arbeid i å finne sitt grunnlag for handling (Dominelli, 2014). For å utnytte sosialt arbeids kritiske haldning, burde strukturelle analyser kople klimautfordringar til sosial rettferd og menneskerettar (Noble, 2016). Dette prinsippet er fundert på det eg tidlegare har vore inne på, at sosial ulikskap blir forsterka av dagens industrimodell som utnyttar jord, arbeidskraft og ressursar til lavast mogleg pris. Samtidig som det er dei rike som får mest utnytte av denne ressursutvinninga, og dei fattige må i større grad stå i dei

negative verknadane dette skaper (Sharma & Shajahan, 2018). Klimaforandringar som luftforureining og tørke går uforholdsmessig hardt ut over dei fattige, då verknadane av det ofte går forbi deira sin kapasitet til å takle endringane. Miljøet desse menneska bur i og tiltaka som er nødvendige for å adressere dei strukturelle urettferdigheitene er det som fører det politiske aspektet på bana. Professor i sosialt arbeid Carolyn Noble seier konsekvensane nyliberalistisk politikk har på helse og livskvaliteten til sårbare menneske, øydeleggelsen av levegrunnlaget, redusert tilgong til drikke og den aukande sosiale ulikskapen alle har implikasjonar for politisk handling og ikkje minst sosialt arbeids praksis (Noble, 2016).

Dominellis (2014) definisjon på klimarettferd illustrerer at dagens modell for industriell utvikling ikkje er «fit for purpose». Ho meiner sosialt arbeid har ei rolle å spele i utviklinga av nye alternative modellar for sosioøkonomisk utvikling gjennom å fremme klimarettferd og gjennom organisering og mobilisering av lokalsamfunn i den hensikt å sikre menneskelege behov utan å skade jorda. Dominelli trekk og fram viktigheita av klimarettferd for Global Agenda. For å kunne realisere den er det viktig at folk tileignar seg nødvendig kunnskap og ferdigheter for å kunne halde multinasjonale selskap ansvarlege for forverring av både sosioøkonomisk ulikskap og miljøskadane dei påfører. Sharma & Shajahan (2018) seier det er på tide berekraftig utvikling tek innover seg kor sentral klimaforandringane er for menneskeheita. Både korleis sårbare og svekka levekår påverkar menneske og menneskas sentrale rolle til å kollektivt redusere desse problema. Sosialt arbeid burde ha gode føresetnader for å engasjere seg i klima, med sitt perspektiv på personen i miljøet (Sharma & Shajahan, 2018). Dette fokuset har tradisjonelt fokusert på det sosiale miljøet, som hindrar sosialt arbeid i å engasjere seg i større globale utfordringar (Alston, 2015). Dominelli (2012) meiner sosialt arbeid må inkludere det fysiske miljøet i dette perspektivet for å kunne adressere klimautfordringane. Det same meiner Noble (2016), som seier analysane må ta inn den fysiske og ikkje-menneskelege verda i sosialt arbeid sine analyse. Særleg ettersom det er press på profesjonen å revidere den radikale kritikken av nyliberalistisk og kapitalistisk politikk som har enda mange statlege velferdstiltak og kvitta seg med reguleringar og mekanismar som var sett opp for å beskytte mot valdsam kapitalisme og sosiale gode.

Sharma & Shajahan (2018) viser korleis å fremme klimarettferd og fremme sosial rettferd er to sider av same sak. Til eksempel har gruvedrift av mineral i India tvangsflytta ein stor del

av urfolket Adivasis. I tillegg til dei enorme skadane det har hatt på lokalmiljøet og økologien har det også frårøva lokalsamfunnet sitt levegrunnlag. Om sosialt arbeid skal sjå på denne situasjonen med bekymring for klimaet, er ikkje det langt frå det same som å adressere bekymringar knytt til sosial urettferd. Difor, meiner professorane, at klimarettferd ikkje er anna enn ei tilnærming for å fremme rettferdig fordeling av ressursar utan å skade den økologiske balansen og utan at det går ut over interessene til dei marginaliserte. Sosialt arbeids sikring av klimarettferd har to dimensjonar: 1) fremme ansvaret til staten og næringslivet i bruken av jordas ressursar på ein økologisk berekraftig måte, inkludert offentleg politikk, og 2) fremme kollektive handlingar i lokalsamfunnet for å sikre ein berekraftig bruk av ressursane (Sharma & Shajahan, 2018). Klimarettferd blir nådd når alle får den nyte den same beskyttelsen frå miljømessige og helsemessige fare og lik tilgang til politikkutforming for å få eit sunt miljø å leve, lære og jobbe i (Dominelli, 2012). Ved å erkjenne samanhengen mellom sosial rettferd og klimarettferd kan sosialt arbeid jobbe for å utvikle ein praksismodell for å fremme berekraftig utvikling (Sharma & Shajahan, 2018).

Utvikle holistiske, berekraftige praksisar

Dominelli (2012) seier at å utvikle nye teoriar og paradigme for praksis er heilt nødvendig viss velferda til menneska og planeten skal sikrast. Grønt sosialt arbeid fokuserer på miljøet menneska lever i, og ser på det som eit diskursivt terrenget der menneska lever ut sine narrativ/tolkingar av tid og stad. Narrativa inneheld deira verkelegheitsforståing og er med på å definere deira forhold til andre menneske, plante og dyr og det materielle grunnlaget for dei. Denne retninga er underlagt ei moralsk og etisk tilnærming som tilseier at det er eit «spirituelt» forhold mellom menneske, andre levande skapningar og naturen. Noble (2016) seier der urfolk tidlegare har blitt sett på som apolitiske og blitt marginalisert av vestlege ideologiar, er det no sannsynleg at deira levemåte blir sett som eksempel på ein berekraftig livsstil og mogleg inngangsport til eit paradigmeskifte. Eit eksempel på det er Lena Dominellis syn på urfolk knytt opp til grønt sosialt arbeid. Dominelli (2012) seier urfolk ser seg sjølv som forvaltarar av dyre- og planteliv der jordas ressursar blir knytt til notidas og framtidas generasjonar i ei spirituell samanveving mellom menneske, andre livsformer og ikkje-levande ting. Dei har også ei forståing av universet der fortida, notida og framtida er nært knytt saman. Denne linken må styrkast for å sikre overleving gjennom ulike tids- og staddimensjonar.

Vårt vestlege fokus med menneske som sentrum for alle økosystem, har sett menneska opp mot naturen der mennesket skal kontrollere og utnytte naturen (Besthorn sitert i Altson, 2016; Dominelli, 2012). Dette synet har Vesten tent på, då det fekk mange ut av den økonomiske deprivasjonen på 1800-talet. Denne tenkemåten har derimot svikta når det gjeld fattigdom og marginalisering innanfor eigne grenser, samt forverring av fattigdom andre stadar ved å øydelegge ikkje-industrielle livsstilar og fremme underutvikling ved å utnytte jordas ressursar til fordel for eigne prosjekt, hevdar Dominelli (2012). Det er dette synet som held oss isolert og fråkopla og vidare ikkje i stand til å oppnå ein djupare spirituell, psykologisk og sosial tilstand (Besthorn sitert i Altson, 2016). Verdssynet til urfolk er ofte kollektivistisk og siktar mot minst mogleg forstyrring av det naturlege miljøet samtidig som dei fører ein berekraftig livsstil basert på lokalsamfunnet. Denne kunnskapen kan hjelpe sosialarbeidrarar som arbeidar i overbefolka, urbaniserte område. Det kan vere å hjelpe bybuarar til å knytte band igjen til den fysiske plassen, hjelpe folk i rurale strøk til berekraftig landbruk og forhindre massemigrasjon av unge frå rurale til urbane strøk (Dominelli, 2012).

Det lokale og det globale

Grønt sosialt arbeid er ein praksismodell som skal fungere som retningslinje i tråd med moralske og etiske standpunkt som støttar opp om rettferdig fordeling av jordas ressursar. Eit viktig poeng med denne modellen, er at slik praksis er avhengig av nærmiljøet og dens kultur, samtidig som den er ein del av eit større globalt nettverk der menneske, dyr- og planteliv er gjensidig avhengig av kvarandre (Dominelli, 2012). For å sikre velferda til menneske og dyr, må lokale praksisar støtte oppunder desse globale forbindingane. Det er med andre ord ikkje ein rett måte å gjere ting på, den må tilpassast miljøet man jobbar i. Ei viktig oppgåve for grøne sosialarbeidrarar blir å involvere folk i diskusjonar om desse forbindingane, der man får fram korleis lokale avgjersler ikkje berre har lokale konsekvensar. I tillegg må dei fremme samarbeid med relevante aktørar for å sikre ein berekraftig praksis, frå lokalt til globalt nivå. Grønt sosialt arbeid adresserer med andre ord ein praksis som ser på både det unike og det spesifikke ved det lokale, samtidig som det kastar lys over dens samband med globale utfordringar, politikk og praksisar som involverer folk og dens forhold til jorda og miljøet.

Dominelli (2012) vil dermed utvide synet til sosialt arbeid, som ofte har vore prega av provinsialisme, ved å knytte det lokale til det globale, og omvendt. .

Ranta-Türko (2018) som har sett på gruvedrift av metall nord i Finland, seier det kan vere vanskeleg å stille spørsmål ved denne industrien i regionar som er avhengig av jobbane dei tilbyr lokalsamfunnet. Kanskje ikkje så ulikt vår oljeindustri i Noreg. Ho meiner likevel sosialt arbeid ikkje kan ignorere utfordringane det gir for klima- og sosial rettferd, og oppfordrar til systematisk å oppmuntre folk til å tenke over deira eigne tilknytingar til staden og til forbruk, kva som er eit godt og verdig liv, og kva arv dei vil etterlate dei neste generasjonane. Sosialt arbeid kan hjelpe å analysere kva det er som gjer at vi held på desse destruktive livsstilane, og opne opp for emosjonelle aspekt rundt vanskelegheiter med å gi opp materielle avhengigheiter (Ranta-Turkkö, 2018).

Kapasitetsbygging i lokalsamfunna

Lokalsamfunn (eng. *community*) er omstridde einskapar. Det er mange ulike interesse involvert i bestemminga av kva som er grensene til eit samfunn samt kva som skal vere kriteria for inklusjon og eksklusjon. Hovudkomponentane består av geografi, identitet og interesse (Dominelli, 2012). Samfunn er relasjonelle og interaktive felt som blir forma gjennom eit mangfold av diskursar. Diskursane kan bli ivaretakne av ulike interessentar, ekspertar, politikarar, praksisutøvarar og gjennom lovgeving, politikk, organisasjonskultur og kvardagslivets rutine (Dominelli, 2012). Ved snakk om samfunnsutvikling, framhevar Dominelli (2012) demokrati som eit viktig styrande prinsipp for slike prosessar ettersom demokratiske prinsipp gir rom for at alle i eit samfunn blir høyrt. For å få til dette må sosialarbeidarar organisere «demokratiske rom» for læring og handling som betraktar korleis menneska er organisert. Korleis og kven som tek avgjersler. I tillegg burde desse romma bli brukt til å styrke deira kapasitet til å handle kollektivt og i solidaritet. For at dette ikkje skal bli ein undertrykkande prosess forkledd som ein demokratisk, styrkande ein – er stemmene til samfunnets innbyggjarar nøydd å vere i framsetet. Lokalsamfunnet må finne ein måte å ta imot motstridande meiningar, utan å marginalisere dei. Men, som Dominelli (2012) seier, er samfunnet prega av hierarkiske strukturar og binære kategoriseringar, så å skape demokratiske rom er inga enkel oppgåve.

Resiliens er ein viktig del av samfunnsutvikling, og heng saman med sosial kapital. Klimaforandringar vil føre til store og hurtige sosiale endringar og vil krevje tilpassing og resiliens hos både individ og sosiale system. Resiliens handlar om eit system sin kapasitet til å absorbere forstyrringar og tilpasse seg endringar så det klarer å oppretthalde same funksjon, struktur og identitet (Walker et al. sitert i Peeters, 2012). Denne eigenskapen blir utvikla gjennom forhandlingar mellom folk som i utgangspunktet kan stå ganske langt frå kvarandre, og som samlast om ei felles sak. Borgarar har rett til å delta i endringane som vil leie dei mot nye og meir berekraftige måtar å leve på (Peeters, 2012). Resiliens er avhengig av sosial kapital, som kan koplast til solidaritet og sosial inklusjon. I motsetnad til nyliberalismens individualisme og nedbryting av fellesskapet (Peeters, 2012). Styrka samhold og solidaritet vil også gjer det lettare å få gjennomslag for politiske tiltak for å få ned karbonutslepp. Slike tiltak føreset ein breiare sosial ansvarsfølelse, samarbeid og folkeleg engasjement. Ifølge Wilkinson & Pickett (2011) gjer dei egalitære samfunna det best, då slike samfunn har høgare nivå av tillit og samfunnsengasjement. Ved snakk om utsette område, som slumområde med stor innvandring, vil samfunnsarbeidarar jobbe for å betre tilhørsle til lokalmiljøet, skape dynamiske relasjonar og framstille nærmiljøet som ein inkluderande stad der problem blir løyst i fellesskap (Dominelli, 2012). Ei slik tilnærming vil vere nødvendig for behova til framtidas klimaflyktningar.

Avslutning

Både klimapolitikken og utdanninga til sosialt arbeid blir forma innanfor rammene av nyliberalismen. I denne oppgåva har eg vist korleis klimaforandringar både er forårsaka og forsterka av den nyliberalistiske ideologien som fremmar vekst uansett konsekvensar. Klimaforandringar rammar hardast dei som allereie er marginaliserte, der det ikkje nødvendigvis er dei som forbrukar og forureinar mest som må betale den høgaste prisen. Klimaforandringar forsterkar i tillegg eksisterande sosial ulikskap, som ulikskap mellom kjønn. Nyliberalismens har framstilt statlege inngrep som ei utgift, heller enn som ein stimulator for økonomisk vekst, i tillegg til å individualisere sosiale problem og bryte ned kollektive strukturar. Så til tross for at nyliberalismen har stimulert økonomisk vekst dei siste tiåra, har det også blitt større forskjellar mellom rike og fattige, med ein stat som tek mindre ansvar for sine sårbare grupper.

Det er likevel ingen tvil i at samfunnet står overfor enorme utfordringar, som krev at vi tenker annleis om vårt forhold til jorda og til kvarandre. Sosialt arbeid må ta innover seg dei nye sosiale behova som blir forsterka og skapt av klimaendringane, blant anna ved å inkludere det fysiske miljøet når man skal analysere miljøet til ulike menneske. Sjølv om eg no har meir innsikt enn dei fleste studiekameratane mine på dei sosiale implikasjonane av klimaforandringane, og har lest mange plassar at sosialt arbeid må stå opp å kjempe for sosial rettferd og klimarettferd, står eg likevel igjen litt motlaus. Kva kan eg gjere? Eg kjem til å søke meg ein jobb, bli ein del av eit system og irritere meg over stadig smalare spelerom og utan særleg stort rom for å påverke praksis. Likevel startar endring ofte med ei bevisstgjering, så kanskje denne oppgåva er eit lite steg i retning av den endringa både sosialt arbeid, menneska, dyra, plantene og jorda treng.

Referansar

- Alston, M. (2015). Social work, climate change and global cooperation. *International social work*, 58(3), ss. 355-363. Henta frå <https://journals.sagepub.com/doi/abs/10.1177/0020872814556824>
- Dominelli, L. (2012). *Green social work - From environmental crisis to environmental justice*. Cambridge: Polity Press.
- FN. (2019). Klimaendringer. Henta frå <https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer>
- FN. (2020). FNs bærekraftsmål. Henta frå <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>
- FO. (u.å.). FOs yrkesetiske grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdvitere. Henta frå <https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>
- Hirvilammi, T., & Helne, T. (2014). Changing Paradigms: A Sketch for Sustainable Wellbeing and Ecosocial Policy. *Sustainability: Science, Practice, & Policy*, 6(4), ss. 2160-2175. Henta frå <https://researchportal.helsinki.fi/en/publications/changing-paradigms-a-sketch-forsustainable-wellbeing-and-ecosoci>
- IFSW, IASSW, & ICSW. (2012). The Global Agenda. For Social Work and social development commitment to action. Henta frå doi:<http://cdn.ifsw.org/assets/globalagenda2012.pdf>
- Jönsson, J. H., & Kojan, B. H. (2017). Social justice beyond neoliberal welfare nationalism: challenges of increasing immigration to Sweden and Norway. *Critical and radical social work An international journal*, 5(3), ss. 301-317. Hentet fra <http://hdl.handle.net/11250/2498776>
- Kamali, M., & Jönsson, J. H. (2016). Introduction. I *Neoliberalism and social work in the Nordic welfare states* (s. 1-22). London: Routledge.
- Larsson, R. (2005). Nyliberalisme. I *Politiske ideologier i vår tid* (s. 125-133). Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Mushunje, M. T., & Sewpaul, V. (2018). Social protection options for women farmers in the face of climate change: a case study of women farmers and agriculture in Goromonzi, Zimbabwe. I L. Dominelli, B. R. Nikku, H. Bon Ku, & L. Dominelli (Red.), *The Routledge Handbook of Green Social Work* (ss. 254-266). New York: Routledge.
- Noble, C. (2016). Green social work - The next frontier for action. *Social Alternative*, 34(5), ss. 14-19. Henta frå

<https://search.proquest.com/docview/1918321298/fulltextPDF/720B315498E04F4BPQ/1?accountid=12870>

NTNU. (2017). *Strategi 2018-2025*. Henta fra <https://www.ntnu.no/ntnus-strategi>

Ranta-Turkkö, S. (2018). A social work perspective to the neoliberal mining boom in Finland and the possibility og an ecosocial response. I M. Kamali, & J. H. Jönsson, *Neoliberalism, Nordic Welfare States and Social Work - Current and future challenges* (ss. 216-225). London: Routledge.

Schiefloe, P. M. (2011). Struktur: Sosial ulikhet. I *Mennesker og samfunn - Innføring i sosiologisk forståelse* (2. utg, s. 241-281.). Bergen: Fagbokforlaget.

Sharma, P., & Shahajan, P. (2018). Environmental justice: A call for action for social workers. *International social work*, 61(4), ss. 476-480. Henta fra <https://journals.sagepub.com/doi/full/10.1177/0020872818770585>

Spolander, G., Engelbrecht, L., Martin, L., Strydom, M., Pervova, I., Marjanen, P., Adaikalam, F. (2014). The implications of neoliberalism for social work: Reflections from a six-country international research collaboration. *International social work*, 57(4), ss. 301-312. Henta fra <https://journals.sagepub.com/doi/full/10.1177/0020872814524964>

Stalsberg, L. (2019). *Det er nok nå - Hvordan nyliberalismen ødelegger mennesker og natur*. Oslo: Forlaget Manifest AS.

Støren, I. (2013). *Bare søker!: Praktisk veiledning i å gjennomføre litteraturstudie*. Oslo: Cappelen Damm.

Wilkinson, R. & Picket, K. (2011). *Ulikhetens pris. Hvorfor likere fordeling er betre for alle*. Oslo: Res Publica.

